VELLEDALEN VASSLAG SA

REFERAT FRÅ STYREMØTE

Vedtak om innkalling til ekstraordinært årsmøte (EO GE)

Dato	04.10.2026
Tid	21:00
Stad	Sykkylvsvene 1551 / Teams
Til stades	Arne og Sveinung på Teams. Anita, Norman og Kjell på Sykkylvsvegen 1551.

Bakgrunn

Styret hadde tidlegare vedteke å kalle inn til ekstraordinært årsmøte. Det var sendt førehandsvarsel til andelseigarane med høve til å melde inn saker, og det kom ikkje inn nye saker innan fristen.

Formålet med styremøtet var å fastsetje endeleg innkalling og sakliste til ekstraordinært årsmøte, samt å avklare vedtak om val av styremedlem, tekniske krav til stoppekranar og tilbakeslagsventilar, vedtektsendringar, ekstra kostnadsbidrag og finansieringsfullmakter.

Saker og vedtak

Sak 20/2026 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Sak 21/2026 – Innkalling til ekstraordinært årsmøte

Styret skal fastsetje dato, klokkeslett og stad, endeleg sakliste, forslag til vedtak, samt tidspunkt og ansvarleg for utsending. Vedtektene krev at årsmøtet vert kunngjort seinast to veker før møtet, og at årsmøtet berre behandlar saker som er varsla i innkallinga.

Vedtak: Styret vedtek å kalle inn til ekstraordinært årsmøte i Velledalen Vasslag SA den 19.10.2026 kl. 19:00 på Grendahuset. Styret godkjenner saklista og forslaga til vedtak med dei endringane som vart vedtekne i møtet.

Sak 22/2026 – Val av nytt styremedlem – Kjell Magnar Berli

Val av nytt styremedlem vert sett tidleg på saklista slik at valet er formelt gjennomført før resten av årsmøtesakene vert behandla.

Vedtak: Val av Kjell Magnar Berli som nytt styremedlem vert sett opp som sak 3 på ekstraordinært årsmøte.

Sak 23/2026 – Lekkasjesøking, stoppekranar og tilbakeslagsventilar

Lekkasjesøkingsarbeidet i 2026 har gitt svært gode resultat. Før arbeidet låg vassforbruket ut frå UV-anlegget på om lag 200–240 l/min på dagtid og om lag 120 l/min om natta. Dagens normalforbruk ligg på om lag 80 l/min og nattforbruket på om lag 40–50 l/min. Dette tilsvarar ein reduksjon på om lag 60–67 prosent.

Det er framleis lekkasje på leidningsnettet. Vidare systematisk lekkasjesøking og feilsøking har blitt vanskelegare fordi det manglar tilgjengelege stoppekranar ved fleire tilkoplingspunkt på hovudleidninga. Når den enkelte stikkleidninga ikkje kan stengjast ved hovudleidninga, er det vanskeleg å fastslå om lekkasjen ligg på vasslaget si hovudleidning eller på privat stikkleidning.

Teknisk hovudprinsipp:

Hovudleidning → tilgjengeleg kum ved tilkoplingspunkt → stoppekran → tilbakeslagsventil → privat stikkleidning → bygning

Både stoppekran og tilbakeslagsventil skal vere plasserte i tilgjengeleg kum ved hovudleidninga, slik at vasslaget kan kontrollere og betene installasjonane utan tilgang til abonnenten sin bygning. Heile den private stikkleidninga frå hovudleidninga og fram til bygningen skal kunne isolerast frå vasslaget sitt leidningsnett.

Etter utført arbeid skal tiltaket dokumenterast med innmåling og fotodokumentasjon. Dokumentasjonen skal vise plassering av kum, stoppekran, tilbakeslagsventil, tilkopling til hovudleidning og vidare stikkleidning. Dokumentasjonen skal leverast til vasslaget for arkivering og oppdatering av leidningskart.

Mellombels utsett gjennomføring gjeld for:

- abonnentar på Hjortdalsvegen
- Vallavegen 324, 327, 335 og 337
- Bjørnadalen 2

Bakgrunnen er at hovudleidningane på desse strekningane er eldre PVC-leidningar, truleg frå omkring 1974–1975, ligg ugunstig i stadeigne massar og er aktuelle for utskifting. Ved utskifting skal stikkleidningane så langt det er teknisk formålstenleg samlast i kum/BK med stoppekranar og tilbakeslagsventilar. Utsetjinga inneber ikkje fritak frå kravet.

Vedtak: Styret godkjenner at saka vert lagt fram for ekstraordinært årsmøte med forslag om 14 dagars sluttfrist etter skriftleg varsel, krav til dokumentasjon og nødvendige fullmakter til styret for gjennomføring.

Sak 24/2026 – Endring av § 6 i vedtektene – gjennomføring og sanksjonar

Styret skal behandle forslag til ny ordlyd i § 6 slik at styret får tydelege fullmakter til å følgje opp tekniske krav og vedtak.

Bryt nokon desse reglane eller vert det handla imot vedtak som vasslaget gjer, kan eit årsmøte gjere vedtak om kva rådgjerder som skal takast i kvart einskild tilfelle.

Eksisterande ordlyd i § 6 (siste ledd):

Forslag til ny ordlyd/prinsipp i § 6:

Dersom ein andelseigar ikkje etterkjem tekniske krav, pålegg eller vedtak innan fastsett frist, kan styret etter skriftleg varsel sørgje for at nødvendige arbeid vert gjennomførte på den aktuelle stikkleidninga for andelseigaren si rekning.

Dette omfattar mellom anna arbeid med stoppekran, tilbakeslagsventil, kum, stikkleidning, lekkasjeutbetring og andre nødvendige tiltak knytte til forhold som etter vedtektene er andelseigaren sitt ansvar.

Etter utført arbeid skal tiltaket dokumenterast med innmåling og fotodokumentasjon. Dokumentasjonen skal som minimum vise plassering av kum, stoppekran, tilbakeslagsventil, tilkopling til hovudleidning og stikkleidning. Innmålinga skal vere tilstrekkeleg nøyaktig til at installasjonane seinare kan lokaliserast for drift, vedlikehald, lekkasjesøking og reparasjon. Dokumentasjonen skal leverast til og arkiverast av Velledalen Vasslag og nyttast til oppdatering av leidningskart og driftsdokumentasjon.

Styret kan fastsetje nærare krav til format, koordinatsystem, bilete, innmålingsdata og annan dokumentasjon.

Styret kan krevje dokumenterte og nødvendige kostnader dekte av andelseigaren og kan inngå tidsavgrensa avdragsordning dersom særlege økonomiske forhold tilseier dette.

Ved manglande etterleving som medfører fare for drikkevasskvaliteten, vesentleg lekkasje eller hindrar forsvarleg drift, lekkasjesøking, vedlikehald eller reparasjon av vassforsyninga, kan styret som siste verkemiddel vedta mellombels fråkopling inntil forholdet er retta.

Før fråkopling skal abonnenten normalt ha fått skriftleg varsel og ein siste rimeleg frist til å rette forholdet. Ved akutt fare for drikkevasskvaliteten eller vassforsyninga kan nødvendige tiltak gjennomførast straks.

Styret får fullmakt til å fastsetje nærare tekniske krav, fristar, dokumentasjonskrav og praktiske rutinar innanfor rammene av vedtektene og årsmøtet sine vedtak.

Vedtak: Styret vedtek å leggje fram forslag til endring av § 6 for ekstraordinært årsmøte.

Sak 25/2026 – Ekstra kostnadsbidrag

Styret har tidlegare foreslått eit ekstra kostnadsbidrag på kr 2 500 per abonnement. Styret skal stadfeste beløpet, kva bidraget skal dekke, betalingsfrist og eventuell avdragsordning.

Vedtak: Styret foreslår for ekstraordinært årsmøte eit ekstra kostnadsbidrag på kr 2 500 per abonnement. Styret foreslår at årsmøtet gir styret fullmakt til å fastsetje betalingsfrist og inngå kortvarige avdragsordningar i særlege tilfelle.

Sak 26/2026 – Mellombels kassakreditt og generell finansieringsfullmakt

Sparebanken Møre har bedt om eit uttrykkeleg årsmøtevedtak for den konkrete kassakreditten. I tillegg bør det vedtekast ei generell finansieringsfullmakt i § 8, slik at mindre og mellombelse likviditetsbehov kan handterast utan nytt ekstraordinært årsmøte.

A. Konkret bankfullmakt:

Årsmøtet i Velledalen Vasslag SA gir styret fullmakt til å ta opp mellombels kassakreditt på inntil kr 200 000 i Sparebanken Møre fram til 31.08.2028.

Som sikkerheit for kreditten får styret fullmakt til å pantsetje kundefordringar pålydande inntil kr 250 000, driftstilbehøyr pålydande inntil kr 350 000 og gnr. 32 bnr. 84 på festet grunn i Sykkylven kommune pålydande inntil kr 1 500 000.

Dei signaturberettiga for Velledalen Vasslag SA får fullmakt til å underteikne alle nødvendige kreditt-, pant- og sikkerheitsdokument knytte til kassakreditten.

B. Forslag til nytt ledd i § 8 – generell finansieringsfullmakt:

Styret kan utan særskilt årsmøtevedtak ta opp mellombels driftslån, kassakreditt eller anna tilsvarande kortsiktig finansiering med ei samla utestående ramme på inntil kr 200 000.

Finansieringa skal vere knytt til vasslaget si ordinære verksemd og kan nyttast til ordinær drift, nødvendig vedlikehald, reparasjonar, beredskap og akutte tiltak, kortsiktig mellomfinansiering av kostnader og likviditetsberedskap.

Den samla utestående finansieringa etter denne fullmakta kan ikkje overstige kr 200 000.

Styret kan innanfor denne ramma inngå nødvendige kredittavtalar og underteikne tilhøyrande dokument, og kan stille ordinær sikkerheit i kundefordringar og driftstilbehøyr.

Pantsetting av fast eigedom, finansiering utover kr 200 000 eller finansiering som har karakter av langsiktig investering eller vesentleg endring av vasslaget si økonomiske stilling, skal godkjennast særskilt av årsmøtet.

Vedtak: Styret godkjenner at både den konkrete bankfullmakta og forslag til endring av § 8 vert lagt fram for ekstraordinært årsmøte.

Sak 27/2026 – Ubetalte fakturaer knytte til feilsøking og tilbakeslagsventilar

Det ligg føre to ubetalte krav. Styret skal kontrollere fakturagrunnlaget og avklare vidare oppfølging, inkludert betalingspåminning, eventuell avdragsordning, ordinær innkrevjing og forholdet til dei nye fullmaktene som vert foreslått vedtekne av årsmøtet.

Vedtak: Styret behandlar dei to sakene individuelt. Eventuelle vidare tiltak skal skje i samsvar med vedtektene og fullmaktene vedtekne av årsmøtet.

Sak 28/2026 – Godkjenning av endeleg innkalling til ekstraordinært årsmøte

Vedtak: Styret godkjenner endeleg innkalling, sakliste og forslag til vedtak med endringane som vart vedtekne i møtet. Styreleiar får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle endringar før utsending.

Dokumentgrunnlag: Vedtekter for Velledalen Vasslag SA pr. 28.02.2023, styreprotokoll 13.08.2026, ROS-analyse revidert 24.08.2025, søknad til Sparebanken Møre 25.08.2026 og e-post frå Sparebanken Møre 28.08.2026.